

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim



## KONSERT

Musikalske blikk på *Olav Nygard*

### **Austrheim kyrkje**

Søndag 15. september kl 18.00

*Amalie Duesund*, fløyter *Rune Alver*, piano

Gratis inngang, kollekt

Kyrkjebakken nr. 6 – 2024 – augustnummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 14.september



Gudsteneste i teltet på Fonnesdajen

# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

**28.aug kl. 11.00**  
**Bygdatreff**

**06.sept kl. 18.00**  
**Gudsteneste for alle**

**08.sept kl. 17.00**  
**Gudsteneste med konfirmantpresentasjon**

**12.sept kl. 18.00**  
**Oppstart konfirmantundervisning**

**15.sept kl. 18.00**  
**Konsert med Rune Alver og Amalie Duesund**

**25.sept kl. 11.00** Bygdatreff

**26.sept kl. 18.00**  
**Konfirmantundervisning**

**27.sept kl. 17.30**  
**Pyjamasfest for 3- og 4-åringar i kyrkja**

**29.sept kl. 12.00**  
**Familiegudsteneste**

## Guds kjærleik, - og vår

Kjærleik er sentralt i trua. Vi fekk i oppdrag å vere medmenneske. Ordet medmenneske eller medmenneskeligheit finn vi ikkje i Bibelen. Men sjølve saka er der heile tida. Jesus kallar medmenneska våre for vår neste, - og vår neste skal vi elske, seier han. Det er nestekjærleik. «Du skal elska Herren din Gud over alle ting og nesten din som deg sjølv.»

Ein av dei kanskje mest siterte orda frå Bibelen er: «Størst av alt er kjærleiken». Det blir gjerne sagt når nokon har funne kvarandre. Blitt i lag. Funne kjærleiken. Blitt et par.

**Apostelen Paulus seier:**  
**Kjærleiken er tålmodig,**  
**kjærleiken er velvilljug,**  
**misunner ikkje,**  
**skryt ikkje,**  
**den gjer gjer ikkje noko usømeleg,**  
**den søkjer ikkje sitt eige,**  
**blir ikkje sint og gøymer ikkje på det vonde.**  
**Den gler seg ikkje over urett, men har si glede i sanninga.**  
**Kjærleiken held ut alt, trur alt, håpar alt, toler alt.**  
**Kjærleiken fell aldri bort....**

**Så blir dei ståande desse tre: Tru, håp og kjærleik, men størst av dei er kjærleiken.»**

Om det er dette som er å vere medmenneske, ja å elska, visa nestekjærleik, kjenner du då nokon som verkeleg fiksar kjærleiken? Avstanden mellom denne kjærleiken og min er iallefall gedigen. Og det er ikkje så rart. For kjærleiken vi høyrer om her er Guds kjærleik. Ingen kan vel ta så sterkt i om vår kjærleik. Hans kjærleik toler oss, held oss ut, har tru på oss, håpar på oss, - alltid og uansett. Guds kjærleik gjer meg på eit vis liten. For eg ser den uendelege avstanden mellom meg og Han.

Men samtidig; reiser Guds kjærleik meg opp. Å vera elska av Gud for evig og alltid nett slik eg er, med min mangelfulle kjærleik, gir meg frimodigheit og ei djup glede. Her begynner kristentrua. Her er vi ved den raude tråden som går tvers gjennom heile Bibelen:

**"Kjærleiken er ikkje det at vi har elska Gud, men at han har elska oss...."**

Sjå Jesus på korset, og du ser ekte kjærleik, den som heldt ut alt, trur alt, håpar alt, toler alt. Jesus sa eingong: "Eit nytt bod gjev eg dykk at de skal elska kvarandre, som eg har elska dykk, skal de og elska kvarandre".

Jesus sin kjærleik er fullkomen. Han treng ikkje anstrenge seg for å vere god. For han er nettopp kjærleik tvers igjennom. Med min og din kjærleik, derimot, er det annleis. Vi må øve oss på nestekjærleik. For det går ikkje av seg sjølv. Om igjen og om igjen må eg minna meg sjølv på; husk å elske dine medmenneske. Prøv å sjå dine medmenneske som uendeleg verdifulle. Som Guds skapningar. Som menneske elska av Gud.

Kanskje hugsar du Moder Theresa. Ho var nonne og valde å bruke heile livet sitt mellom dei som levde i slummen i Bangkok. Ein gong blei ho spurd, «korleis kan vi elske våre medmenneske?» Ho svarte: «Ved å elska.» Med andre ord: Øve seg på nestekjærleik ved å praktisere kjærleik.

**Stein Hugo Fykse**







## VI SØKJER DUGNADSMEDARBEIDAR

Giving Hope To A Child har no i 8 år hatt flaskepant som ei god inntektskjelde for å kunne gje skulegang for born i Liberia. I 2023 fekk vi inn nær kr 50.000 i flaskepant. Det hadde vore flott om vi hadde fått ein til med oss til å hente pant/flasker hjå Kilstraumen Brygge. Med ein til på laget vert det dugnadstur kvar 4.de måndag -

**fint om du tek kontakt med Kjell-Tore - tlf 90092736. Har du pant du vil gje til GHTAC? Ring 90092736 og vi kjem og hentar panten.**

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

### Frist innlevering:

14.september  
18.oktober  
15.november  
17.januar

### Kyrkjebakken kjem ut:

25.september  
30.oktober  
27.november (julenummer)  
29.januar




## Utstilling på Landbruksdagen

Austrheim sogelag skal ha utstilling med landhandel som tema på Landbruksdagen 21.9.2024.

Sogelaget ønskjer å låna: gamal kjøpmannsdisk hylleseksjon (30 x 30cm hyller) lodd til vekt (1kg, 500 g, 200 g) reklameskilt, brødkiste

Varer som fanst i butikkar før 1950  
Til dømes: tøyruddar, seglduk oljetrøye, sydvest, portemoné, anglar, raffinade, beslag, trådsneller, krydder, fiskesnøre, såpe, bildebok, prospektkort.

Har du noko vi kan låna, er det fint om du tek kontakt med:  
Atle Lervåg, telefon - 94494965 eller e-post - atlelerv@gmail.com



## Austrheim sokn

### Gravlagd

- 21.06.24: Einar Øksnes f. 1934 (bisetjing)
- 18.07.24: Sverre Harald Kaland f. 1932
- 01.08.24: Nora Sølvi Hauge f. 1921
- 02.08.24: Michael John Arnum f. 1968 (Urnenedsetjing)
- 07.08.24: Liv Hovda f.1945
- 08.08.24: Ivar Valdersnes f. 2002
- 15.08.24: Målfrid Austrheim Fossum f. 1932 (Seremoni på Lillehammer, kistenedsenking Austrheim)
- 16.08.24: Ruth Fredheim f. 1942
- 19.08.24: Erling Gerhard Solheim f. 1939

### Døypte

#### 16.juni

Malvin Wiik Matre

#### 18.august:

Mia Hansen Leikvoll  
Emil Nordvang Hjertås



## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!



# Takke annonsar

## Mange takk

til diakoninemnda ved Britt for oppmerksomhet på min 85-årsdag.

**Helsing Kåre Nordby**

## Tusen takk

for all omtanke, fine blomar og helsingar i samband med Ivar Valdersnes sin bortgang. Me vil også takka alle som kom og deltok i Ivar si gravferd.

**Helsing Olav, Hilde og Tom Arild**

## Tusen takk

Tusen takk for blomster, fine hilsninger og all omtanke i forbindelse med Bernhard Martin Austrheim sin bortgang. Takk til hjemmesykepleien i kommunene og lege Jarle Gallefoss for all hjelp og støtte den siste tiden.

**Hilsen Astrid m/familie**

## Takk

til diakoninemnda for hjertesjokoladen som eg fekk til 80 års dagen min.

**Helsing Norleiv K Sætre**

## Hjartleg takk

Takk for helsingar, blomar og telefonar på min 101 års dag  
Takk og til diakoninemnda for hjertesjokoladen som Målfrid kom med.

**Helsing Judit Norebø**



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

Oppussing av  
gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto

vatne-byra.no

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

PH  
FIEDER  
NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ



Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

## VELKOMMEN TIL LERVÅG BEDEHUS



07. september klokka 18

Evangeliesenteret, Varna bibelskule

Enkel servering etter møtet.

Merk: laurdag kveld!

15. september klokka 11

Geir Talberg talar.

29. september klokka 11

Dåpsmøte. Geir Talberg talar.

13. oktober klokka 11

Harald Kleiveland talar.

### Ordets time

Oppstart 17. september  
frå 19-21. Annakvar tysdag  
utover hausten. Geir Talberg  
underviser frå Bibelen. Tid til  
samtale og enkel servering.  
Du er hjarteleg velkommen!

### UNGDOMSKVELD

Annakvar fredag i kjellaren i bedehuset. Frå 13.  
september kl. 19:30-22:30. For 7.kl og oppover.

## ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 15. september Søndagsmøte 11:00 Asle Hetlebakke talar.

Søndag 29. september Søndagsmøte 11:00 Reidun Skurtveit talar.

Søndag 13. oktober Søndagsmøte 11:00

Bibelhelg med Jan Bygstad og Kristian Fagerli

Fredag 25. okt 19:30 Bibeltime med Kristian Fagerli

Lørdag 26. okt. 15:30 Dobbelt bibeltime med Jan Bygstad

Søndag 27. okt. 12:00 Søndagsmøte med Kristian Fagerli.

Kjellaren for 5-8. trinn.

Onsdagar 18:00-19:30 (Merk endring av dag og klassetrinn)

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)

Austrheim Indremisjon på Facebook.



# Ny varmeløysing i kyrkja

Denne hausten skal vi få på plass eit heilt nytt oppvarmingssystem i kyrkja. Vi ser ikkje for oss å gå ein ny vinter i møte, med den forma for oppvarming som vi har no. Systemet vi har er eit ESWA anlegg. Dette er varmematter som ligg i golvet. Mattene vart monterte i 1987, i samband med oppgraderinga av kyrkja til 125 års jubileet i 1991.

Vanlegvis vil eit slikt varmeanlegg ha ei levetid på om lag 30 år. Slik sett lever det anlegget vi har godt på overtid, sidan det snart er 40 år sidan det vart monterte. Så her har det blitt utført eit godt stykke arbeid av Brandtun elektro, som verksemda heitte på det tidspunktet.

Dei siste 2-3 åra har vi merka at effekten av ESWA anlegget har blitt redusert. Anlegget er forholdsvis straumintensivt. I tillegg til dette anlegget har vi rørovnar, som står på golvet langs begge langveggane i kyrkja. Vi har brukt rørovnane meir enn vi ønskte det siste året, for å kompensera for den reduserte effekten av ESWA mattene. Rørovnane har eit svært høgt straumforbruk.

Kyrkjekontoret har det siste 2 åra jobba med kartlegging av varmebehovet og søkt om godkjenning av det nye varmeanlegget. Som grunnlag for godkjenningssøknaden fekk vi utarbeidd ein energianalyse. Vi nytta oss av ein ekstern konsulent til formålet, som har spesialisert seg på kyrkjebygg. Analysen måtte vera på plass før godkjenning og samstundes var den eit grunnlag for kyrkjekontoret si innhenting av tilbod på utføringa av arbeidet. ESWA mattene vil bli kopla ut når varmpumpene er monterte. Rørovnane skal framleis kunna brukast, men utelukkande som ei beredskapsløysing.

## Varmepumper:

Konklusjonen frå energianalysen er at vi bør gå for luft til luft varmpumper. Det er dette som også vil vera den rimelegaste løysinga. Dette har vi søkt om og etter ein god del fram og tilbake, er dette anlegget no endeleg godkjent av Bjørgvin biskop. Reint konkret kjem vi til å få monterte tilsaman 4 innvendige konvektorar, som vil bli festa til langveggane ved golvet. Varmepumpene vil bli monterte i 2 pumpehus som kjem til å bli sett opp utanfor kyrkja. Pumpehusa vil bli oppført på kvar si langsida utvendig. Pumpehusa skal ha ein utsjånad som ikkje bryt med stilen til kyrkja. Det er KG elektro som har fått oppdraget med å installera varmeanlegget.

## Fjernstyring av varmeanlegget:

Dette vil også koma på plass når vi no får eit nytt varmesystem. Til no har all varmeregulering skjedd manuelt og vi har måtta vera fysisk til stades for å justera varmen. Dette er ei tungvindt ordning. Fjernstyring av varmeanlegget vil bety at vi kan tilpassa oppvarminga betre til bruken av kyrkja. Dette vil i seg sjølv bety ei innsparing på straumforbruket. Men den største innsparinga vil uansett vera overgangen frå varmematter til varmpumper. Varmepumper er effektive og straumgjerrige.

## Leif Arne Økland – kyrkjevevjerje



## HAGE GRAVING LANDSKAP

Hekk og plen,  
drenering,  
vedlikehold  
og rydding.

Ta kontakt for  
**GRATIS** befaring  
**Tlf: 90 88 18 69**

## STILLAS & VEDLIKEHOLD

Utleie, montering,  
godkjenning.

Bred erfaring, bare  
fornøyde kunder.

Ta kontakt for  
**GRATIS** befaring  
**Tlf: 90 88 18 69**

## Landbruksdagen i Austrheim 2024

Laurdag 21.09.2024 kl 10.00 – 15.30

i og ved Austrheimhallen.

Kåringssjå for verlam frå Austrheim og Radøy.

Mønstring av villsau, Vest Villsaulag.

Framvising av små og store dyr, maskiner og utstyr,  
utstillingar ute og inne, sal av husflid, gardsmat,  
kvalkjøt, frukt og grønt m.m.

Tuft Transportskole med "Velte-Per".

Austrheim Sogelag : «Butikkar i Austrheim»

Aktivitetar for små og store, tipping og loddsal.

Ver god og parker på tilvist plass.

Gratis skyss frå parkeringen v/senteret bort til hallen.

Sal av betasuppe, hotdogs, vaflar

Betaling med kontantar eller Vipps.

## VEL MØTT !

Austrheim Landbrukskvinnelag,  
Austrheim Sau og Geit og Radøy Sau og Geit,  
i samarbeid med Vest Villsaulag



Landbruksdagen er godkjent  
Biosfærearrangement



# Dette varmar

Flittige hender og varme hjarta er viktig for kyrkja vår. Og det må ein vel kunne sei at damene i foreininga Kyrkjeprydning har hatt gjennom 35 år. Sidan dei hadde første samlinga si 28.09.89 har dei samla inn om lag 750.000 kroner til kyrkja. Dette er heilt fantastisk og utruleg viktig. Som dei sjølv understrekar i sine «rapportar»; tusen takk til alle som kjøper lodd når vi har loddbøkene ut. Med det peikar dei på at det er folk i kommunen som står bak gåvene. Kyrkjeprydning «berre» administrerer.

Kva har dei så bidrege med desse åra? Å ta med heile lista slit vi med, men av faste ting så støttar Kyrkjeprydning med pengar til brudeparbiblar og 5.klasse biblar.

Men lista over andre ting er lang, messehaklar med kleder, putar

i benkane, alterduk (laga av Aud Egge Lunde), Brudestolar, lysglobe, stolar, inventar i sakristia, kjølerom, salmebøker, nattverdiskalker til Nordliheimen, nattverdsutstyr til bruk ved heimebesøk, og mykje meir.

Kyrkjeprydning består i jubileumsåret av 6 godt vaksne damer, og det er ein imponerende innsats dei legg ned framleis. Om det er fleire som kan tenkja seg å vera med i dette viktige arbeidet ein ta kontakt med Gro Johannessen eller soknerådsleiar som kan formidla vidare. Austrheim Sokneråd takkar så utruleg mykje for alle gåver gjennom desse 35 åra. De utgjør ein forskjell!!!

*Helge Dyrkolbotn  
Leiar i Austrheim sokneråd*



# Min Salme

Willy Hagen



Egentlig har jeg ingen spesiell sang eller salme som favoritt da det er så mange vakre og gode sanger som kan være "mine". Da må jeg gjerne relatere en sang til opplevelser, som på en måte "dukker opp". Gjennom mitt lange liv har jeg, sammen med min kjære Lillian, hatt svært mange fine turer.

Fra Trollheimen i nord, Bjørnsund i vest og Hardangervidda i sør, har vi fått så mange gode inntrykk og sett så mye storslagen natur, at det er helt overveldende. Dette har vært med å berike vårt liv på en ganske spesiell måte. Vi har til de grader fått oppleve at vi har et veldig flott fedreland. Derfor er det en vakker salme som helt naturlig kommer frem:

*Fagert er landet du oss gav, Herre  
vår Gud og vår Fader!  
Fagert det stig av blåe hav,  
Soli ho sprett og ho glader, Signar  
vårt land i nord og sud;  
Såleis di åsyn lyser, Gud, Over vårt  
Noreg i nåde.*

*Tidi renn som elv mot os, Fort skifter  
sumar med vetter.*

*Fader, ver alltid Noregs los Radt til  
dei seinaste ætter!  
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,  
Vara vårt land frå fjell til flud, Lær  
oss å gå dine vegar!*

*Signa då Gud, vårt folk og land, Sig-  
na vårt strev og vår møde,  
Signa kvar ærleg arbeidshand, Signa  
vår åker med grøde!  
Gud, utan deg den vesle urt Veiknar  
og visnar, bleiknar bort.  
Ver du oss ljuset og livet!*

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

### FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.

Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Den nye filialen har fokus på barnebøker.

*Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (oddetalsveker) 10-16.00.*

*Følg oss gjerne på facebook*

### GOD BOK

#### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremarka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag og Fredag

#### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremarka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13



### TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i Austrheim 56 16 21 23






Mastrevik torg

Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du beholder garantien ved service hos oss**

**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



**Fosnøy Bilsenter**



Tlf: 56 16 75 50 Mastrevik



**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
 Når kvalitet og service teller




**Panasonic Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
 Mob. 481 31 534  
 byggboe@online.no

*Oppussing av gravmonumenter*

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

**VATNE**  
 begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
 Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto  
 vatne-byra.no

**GRAVMINNER**

Norsk design og produksjon.  
 Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
 Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
 Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Varm. Lokal. Erfaren. Åpen.



Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjos Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug





## Gudsteneste for alle

Torild hadde gått bort sidan sist. Jostein heldt ei fin minnestund over henne som var ei blid og sprudlande dame.

Jostein hadde også med seg den dyktige sonen sin, John-Inge, som spelte både gitar og blokkfløyte. Leif Arne leia kvelden der teksten handla om Sakkeus som var så liten og

ville opp i morbærtreet for å sjå Jesus. Stein Hugo var Jesus som prøvde å få Sakkeus (Rune) ned frå "treet"

Kvelden vart avslutta med frukt, kjeks, saft og kaffi ute i det fine vêret. Men før det spelte Jostein og John-Inge "Gje meg handa di ven" som postludium.

